

Mobbetendensar ved skulen

06.03.2009



Uskedalen skule – når blir den renovert? (Foto: Ola Matti Mathisen).:

- Eg er svært oppteken av å få bort mobbetendensane ved skulen, skriv rektor Vidar Haugland i si årsmelding for 2008.



Han opplyser der at elevundersøking har avslørt mobbing og held fram:

- Vi vedtok meir intensivt arbeid for å få uvesenet bort, med meir førebyggjande arbeid i klassane og ei større, meir systematisk elevundersøking for alle elevar i 4.-7-klasse kvart år. Den første vart gjennomført i veka fem i 2009.

Rektor Vidar Haugland: - Oppeten av å få bort mobbetendensane.

Haugland strekar under at alle må jobba aktivt med å utvikla positive klassemiljø. Klassemiljøutvikling må difor ha topp prioritet heile tida.

- Vi må ha nulltoleranse når det gjeld mobbing og vi må følgja opp både "ofre" og mobbarar med foreldre. Det blir også ei utfordring å eliminera alle situasjonar som gir best høve til å plaga medelevar, skriv Haugland i årsmeldinga.

Han opplyser ellers mellom anna at personalet er svært utviklingsorientert, noko som er positivt både for den einskilde og for skulen – og dermed for elevane. To av assistentane i barnehagen har 60 prosent stilling fordi dei tek desentralisert førskulelærarutdanning over fire år og i skulen tok tre av lærarane halvårseining i tilpassa opplæring og ein i engelsk i fjor. Sist haust har tre lærarar starta med vidareutdanning i leserettleiling – også det halvårseining.

Om elevtalsutviklinga skriv rektor Haugland at det har vore vekst i barnetalet både i skule og barnehage fordi folketalet har vore i jamn vekst i Uskedalen dei siste åra. Etter at Dønhaug Gardsbarnehage vart etablert har barnetalet i barnehagen stabilisert seg på eit nivå som er meir tilpassa arealet, 40-45 barn fordelt på to avdelingar, kvar med 24 barneeingar.

Skulen har i dei siste åra vore seksdelt og elevtalet har lege på pluss minus 95. Der vil det liggja før 2004-generasjonen invaderer skulen hausten 2010. Då vil elevtalet passera 105.

Haugland kjem også inn på sin eigen situasjon og formulerar seg slik:

- Ingen varer evig, heller ikkje rektora. Når alderen kryp mot 64, bør det vera ei utfordring for kommunen å lysa ut stillinga allereie no, og tilby relevant utdanning/skulering til han/ho som vert sett til å overta. Då trur eg både kontinuiteten og høvet til å gje oppvekstsenteret eit "løft" og utvikling vert best ivareteke.

Den gamle skulebygningen var planlagt renovert i 2007 for 10-11 millionar, og Haugland skriv slik om dette temaet:

- På grunn av gjennomgang av bygningsmassen i heile kommunen og den stadig eksisterande politiske vurderinga av skulestrukturen, er det naturleg nok ingen bygningsmessig utvikling av skulen. Men behovet for utbetring har sjølv sagt ikkje blitt mindre etter 2007, og eg ser fram til at politikarane gjer nødvendige vedtak om skulestrukturen.

Dersom Uskedalen skule vert satsingsskule, vonar eg betre tilstandar om ikkje altfor lenge. I dag er ventilasjonen i den gamle skulebygningen avhengig av veret. Vind ute gir vind inne.

Av Ola Matti Mathisen